



BARNAS VALG 2021



**RETTLEIING
FOR LÆRARAR**

KVIFOR BARNAS VAL?

Mange barn og unge synest politikk er keisamt og vanskeleg å forstå. Det er framleis låg valdeltaking blant unge mellom 18 og 24 år. Redd Barna vil gje barn og unge høve til å lære om politikk på ein engasjerande og inspirerande måte. FNs barnekonvensjon seier at alle barn har rett til å seie kva dei meiner, bli hørde og tekne på alvor. Barn skal ha innflytelse i saker som vedgår dei. Difor har vi laget Barnas Val.

Barnas Val gjev eit innblikk i korleis demokratiet fungerer, og lar barn si meining få innflytelse på politikken ved at dei kan røyste digitalt på det partiet dei er mest samde med. Korleis ville eigentleg Noreg sett ut dersom barn fekk avgjere? Å få kunnskap om demokratiet gjer det enklare å engasjere seg, påverke samfunnet ein lever i, og det gjer det meir sannsynleg at ein røystar når ein får røysterett. Barn si røyst er viktig, den kan gjere ein skilnad!

Nytt av i år er at delar av materiellet er omsett til nordsamisk, sør-samisk, lulesamisk og nynorsk. Nettsida er universelt utforma, og fleire filmar er teiknspråktolka og synstolka. FN sine berekraftsmål står også på timeplanen i år. For å nå berekraftsmåla innan 2030, må alle land i verda lage planar og politikk. Elevane skal lære meir om korleis norsk politikk bidreg til å skape ei inkluderande og berekraftig verd, der ein arbeider for å minske fattigdom, klimaendringar og ulikskap.

I det nye læreplanverket (LK20) er demokrati og medborgarskap eitt av dei tverrfaglege emna. Demokratiopplæring skal slik stå sentralt i alle fag. Barnas Val tek utgangspunkt i både kjernelement, grunnleggande dugleikar og kompetanse-mål. Redd Barna vonar at skulane og lærarane legg til rette for at det vert arbeidd tverrfagleg med Barnas Val og med djuplæring i fokus. Barn og unge er opptekne av at skulen må leggje til rettes for at politikk vert opplevd som relevant, interessant og engasjerande for elevane. Det vonar vi at Barnas Val kan bidra til, og at skular i heile landet let barn og unge si røyst få hovudplassen i undervisninga.

Lukke til med Barnas Val!

Hilsen Redd Barna

Takk til Utdanningsdirektoratet, Sparebankstiftelsen, Norad og Bufdir for finansiering av Barnas Val 2021.



INNHOLD

Nettside og innhold	3
Framlegg til timeplan	4-5
Læreplanverket kunnskapsløftet (lk20)	6
Kompetanse-mål	7
Song	8-9
Barnevenlege partiprogram	10
Samanlikne politiske tema	11
Barnas valshow	12
Filmar om demokrati	13
Film: Påverknad	14
FN sine berekraftsmål	15
Film: Sametinget	16
Barnas valgomat	17-18
Røyste i barnas val	19-20
Universell utforming og språk	21
FN sin barnekonvensjon	22
Tips til andre ressursar	23

Samarbeidspartnarar

Konsept, film og valshow: Stian Barsnes Simonsen og Nordic Screens

Valgomat: NTB og Alltinget

Webutviklarar: Oxx

Samiske omsetjingar: Davvi girji og Kari Utsi


Nynorske omsetjingar: Rett norsk

Teiknspråktolkning: Supervisuell

Synstolking: Media LT

Takk til alle barn og unge som har vore med i medverknadsprosesser, referansegrupper, testing og filmminnspeling: Antonio, Iben, Ayesha, Zakaria, Ronja, Freya Daisy, Ulrik, Ane, Isak, Audun, David, Helene, Linnea, Ava, Emma Sofie, Reem, Jonas, Elias, Rose, Aurora, Herman, Risten, Dina Andrea, Torgeir, Iben, Ida, Vilma, Sofia, Alva, lærarar og elevar i klasse 6A på Fagerholt skule og lærarar og elevar på Fløysbonn skule.

BARNAS VAL: NETTSIDE OG INNHOLD



FRAMLEGG TIL TIMEPLAN


Kvar einskild skule avgjer sjølv korleis dei vil nytte ressursane til Barnas Val. Ein kan nytte delar av materiellet, eller ta i bruk alt innhaldet. Du som lærar kan sjølv velje kva som er best for din klasse. Her er eit framlegg til opplegg som kan vere tverrfagleg og sikre djupnelæring i ein tre veker lang periode, 23. august til 9. september.

Uke 34
Uke 35
Uke 36

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Song - Valshow med filmar	Arbeiderpartiet (AP): partiprogram + filmar	Høgre (H): partiprogram + valshow	Senterpartiet (SP) partiprogram + valshow	Venstre (V): partiprogram + valshow
	Tema: Demokrati, Stortinget og Sametinget	Tema: Utviklingspolitikk	Tema: Regjeringa	Tema: Stortingsvalet
Sosialistisk Venstreparti (SV): partiprogram + valshow	Kristelig folkeparti (KrF): partiprogram + valshow	Miljøpartiet dei grøne (MDG): partiprogram + valshow	Framstegspartiet (FrP): partiprogram + valshow	Raudt: partiprogram + valshow
	Tema: Ytringsfridom	Tema: FN sine berekraftsmål	Tema: Påverknad	Tema: Maktfordelingsprinsippet
Valshow: ungdomsparti-leiarduell	Samanlikne politiske saker	Valgomat	Røyste!	Valshow med resultat Evalueringar
Tema: Ungdomsparti				

TIDSLINJE

Her er en kalenderoversikt over gangen i Barnas Valg.



LÆREPLANVERKET KUNNSKAPSLØFTET (LK20)

OVERORDNET DEL OM DEMOKRATI OG MEDBORGARSKAP

Demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i skolen skal gi elevane kunnskap om føresetnadene for, verdiane til og spelereglane i demokratiet, og gjere dei i stand til å delta i demokratiske prosessar. Opplæringa skal gi elevane forståing for samanhengen mellom demokrati og sentrale menneskerettar som ytringsfridom, stemmerett og organisasjonsfridom. Dei skal få innsikt i at demokratiet har ulike former og uttrykk.

Gjennom arbeid med temaet demokrati og medborgarskap skal elevane forstå samanhengen mellom rettane og pliktene til individet. Individet har rett til å delta i politisk arbeid, samtidig som samfunnet er avhengig av at borgarane bruker rettane til politisk deltaking og utforming av det sivile samfunnet. Skolen skal stimulere elevane til å bli aktive medborgarar og gi dei kompetanse til å delta i vidareutviklinga av demokratiet i Noreg.

Opplæringa skal gi elevane kunnskapar og ferdigheter til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp. Dei skal forstå dilemma som ligg i å anerkjenne både retten til fleirtalet og rettane til mindretallet. Dei skal øve opp evna til å tenkje kritisk, lære seg å handtere meiningsbrytingar og respektere usemje. Gjennom arbeidet med temaet skal elevane lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og haldast ved like.

KJERNELEMENT I SAMFUNNSFAG

Elevane skal forstå korleis geografiske, historiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for høvet menneska har hatt og har til å samarbeide, organisere seg og ta avgjerder i ulike samfunn. Elevane skal få innsikt i forskjellar mellom land når det gjeld styresett og ivaretaking av menneskerettar og minoritetar, og dei skal sjå korleis forskjellar har hatt og har innverknad på folks liv og høve til å medverke. Dei skal forstå kvifor konfliktar har oppstått og oppstår, og korleis dei har blitt og blir handterte. Elevane skal få erfaring med demokrati i praksis for å kunne påverke og medverke til samfunnsutforming. Innhaldet i dette kjernelementet

skal sjåast i lys av ulike perspektiv, frå det lokale til det globale, og i urfolks- og minoritetsperspektiv, med vekt på fortid, notid og framtid.

TVERRFAGLIG TEMA I SAMFUNNSFAG

I samfunnsfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane utviklar kunnskapar og ferdigheter for å kunne skape og delta i demokratiske prosessar. Faget skal bidra til at elevane utviklar kunnskap om og innsikt i demokratiske verdiar og prinsipp. Gjennom arbeid med samfunnsfag skal elevane tenkje kritisk, ta ulike perspektiv, handtere meiningsbryting og vise aktivt medborgarskap. Samfunnsfag skal bidra til at elevane kan delta i og vidareutvikle demokratiet og førebyggje ekstreme haldningar, ekstreme handlingar og terrorisme. Kunnskap om terrorhandlinga i Noreg 22. juli 2011 skal inngå i opplæringa om dette.

MUNNLEGE FERDIGHEITER I SAMFUNNSFAG

Munnlege ferdigheter i samfunnsfag inneber å kunne lytte til, tolke, formulere og fremje meininger, gi respons og diskutere med andre. Å få tak i andre sine meininger og stille oppklarande og utdjupande spørsmål inngår òg. Utviklinga av dei munnlege ferdighetene går frå å uttrykke eigne meininger, ta ordet etter tur og lytte og gi respons til andre, til å ta ulike perspektiv og grunngi argumentasjon i større årsakssamanhangar. Utviklinga inneber vidare i aukande grad å fortelje om samanhengar, drøfte faglege spørsmål og handtere meir kompleks informasjon og å forstå korleis ulike uttrykksmåtar påverkar bodskap og mottakar.

Les mer på Utdanningsdirektoratet sine sider:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

KOMPETANSEMÅL

Etter 7. Trinn

Samfunnsfag

- beskrive sentrale hendingar som har ført fram til det demokratiet vi har i Noreg i dag og samanlikne korleis enkeltmenneske har høve til å påverke i ulike styresett
- utforske og presentere ei global utfordring ved berekraftig utvikling og kva for konsekvensar ho kan ha, og utvikle forslag til korleis ein kan vere med på å motverke utfordringa og korleis samarbeid mellom land kan bidra
- samtale om menneske- og likeverd og samanlikne korleis menneskerettane er blitt og blir varetekne i ulike land

Norsk

- lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar

KRLE

- utforske og beskrive egne og andres perspektiver i etiske dilemmaer knyttet til hverdags- og samfunnsutfordringer

Musikk

- utøve et repertoar av musikk, sang, andre vokale uttrykk og dans fra samtiden og historien

Kunst og håndverk

- utforske og reflektere over hvordan følelser og meninger vises i kunst, og bruke symbolikk og farge til å uttrykke følelser og meninger i egne arbeider

Etter 10. Trinn

Samfunnsfag

- beskrive trekk ved det politiske systemet og velferdssamfunnet i Noreg i dag og reflektere over sentrale utfordringar
- reflektere over kva for aktørar som har makt i samfunnet i dag, og korleis desse grunngir standpunktene sine
- utforske og beskrive korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har betydning for nasjonal politikk, livet til menneske, likestilling og likeverd

Norsk

- kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer
- informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium

KRLE

- utforske andres perspektiv og håndtere uenighet og meningsbrytning
- identifisere og drøfte etiske problemstillinger knyttet til ulike former for kommunikasjon

Musikk

- utforske og drøfte musikkens og dansens betydning i samfunnet og etiske problemstillinger knyttet til musikalske ytringer og musikkulturer

Kunst og håndverk

- undersøke hvordan kunst, inkludert samisk kunst, kan bidra i samfunnskritikk, og skape kunstuttrykk som belyser utfordringer i egen samtid

SANGTEKST: EN MILLION REGNBUER

Komponist: Kjetil Røst Nilsen
Tekst: Stian Barsnes-Simonsen
Artist: Dina Matheussen

Vi er ikke enig om alt.
Det er ganske normalt.
Å være helt forskjellige.

Så mye som kan gå galt
Livet er ganske brutalt.
Likevel er vi heldige.

For når vi har ett mål, så går vi i takt.
Om vi må være sterke, samles vår makt – vår makt.
Vi er ikke enige om alt. Det er visst ganske normalt,
men la det være sagt:

Vi er én million regnbuer – som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.
Vi er én million regnbuer – som virkelig farger av - som virkelig farger av.
Vi er alle forskjellige, men aldri aleine.
Når det pøser, lyser vi opp i regnet.
Vi er én million regnbuer - som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.

I vårt demokrati
hva vil det egentlig si
å være barn og unge?

Hva er din viktigste sak?
hvor må vi virkelig ta tak?
Er noen tak altfor tunge?

Om alle løfter, skaper vi bærekraft.
Om alle løfter, sammen samles vår makt – vår makt.
Vi er ikke enig om alt. Det er visst ganske normalt,
men la det være sagt:

Vi er én million regnbuer som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.
Vi er én million regnbuer som virkelig farger av - som virkelig farger av.
Vi er alle forskjellige, men aldri aleine.
Når det pøser, lyser vi opp i regnet.
Vi er én million regnbuer - som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.

Om du så roper, om du så tier.
Alt hva du tenker og mener og sier.
Du har din frihet. Landet er fritt.
Velg hva du vil, yo - for valget er ditt!

Nå er det Barnas Valg, Barnas Valg, Barnas – Barnas Valg
Nå er det Barnas Valg, Barnas Valg, Barnas – Barnas Valg
Nå er det Barnas Valg, Barnas Valg, Barnas – Barnas Valg
Ja, det er Barnas Valg, Barnas Valg, Barnas, hehehehe!

Vi er én million regnbuer – som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.
Vi er én million regnbuer – som virkelig farger av - som virkelig farger av.
Vi er alle forskjellige, men aldri aleine.
Når det pøser, lyser vi opp i regnet.
Vi er én million regnbuer - som lover alt blir bra. Vi lover alt blir bra.

SONG

Læringsmål: Kva tyder demokrati og valet for barn og unge?

Tid: song og musikkvideo ca. 4 minutt + valt tid til song, dans og samtaler

1. Song med musikkvideo

Start timen med å synge songen og lære dansen! Kanskje den vert vekas song?

2. Temaer i Barnas Valg

Spør elevane om kva tema som vert tekne opp i songen, og snakk om at det er dette dei skal lære meir om i Barnas Val: *semje/usemjje, å vere forskjellige, barn og unge, berekraft, demokrati, makt, fridom, val*

Snakk med elevane om kva dei har lyst til å lære meir om, og hør kvifor elevane synest slike tema er viktige å utforske meir!

2. Refleksjon

Barnas Val handlar om barn og unge, og at dei skal bli nyfikne på politikk. Det er difor viktig at elevane koplar at politikk og val i stor grad handlar om barn og unge. Bruk songteksten som utgangspunkt for introduksjonssamtaler om valde tema på høgre side.

3. Aktivitetar

Bruk utdrag frå songteksten og samtalespørsmåla som utgangspunkt for ulike kreative oppgåver, som til dømes å skrive eit lesarinnlegg, lage eit kunstverk, ta eit bilet eller lage ein liten filmsnutt.

4. Avslutning

Oppsummer med elevane deira tankar om kva dei synest er det viktigaste med demokrati og val for barn og unge. Syng songen ein gong til og dans dansen!

SPØRSMÅL TIL SONGEN

Regnboge og mangfold

- Kvifor trur de at Barnas Val-songen handlar om ein million regnbogar?
- Kva er regnbogen ofte eit symbol på? Snakk om mangfold, at alle er ulike, og at det som gjer regnbuen så unik er nettopp alle dei ulike fargane.
- Kven er det som er ein million regnbogar? I Noreg fins det over ein million barn, og det er grunnen til at songen syng om ein million regnbogar.
- Kva tenkjer de om setninga «Vi er en million regnbuer som lover alt blir bra»?

Demokrati

- Kva er demokrati?
- Kva tyder demokrati for barn og unge?
- Korleis kan barn og unge delta i demokratiet?
- Kva meiner songen med at en million regnbuer fargar av? Snakk om at barn og unge sin meningar tyder noko for politikk, og gje døme på dette.

Semje og usemjje

- Kva saker trur de at mange barn og unge er opptekne av? Kva saker er de sjølve opptekne av?
- Er det nokre saker mange av dykk er usamde om? Kan de kome med døme på kva saker barn og unge kan vere usamde om? Kva saker trur de at mange vaksne er samde og usamde om?
- Kvifor er det ganske normalt å ikkje vere samde om alt?
- Kvifor er det viktig at det er ulike meininger i eit demokrati? Snakk om korleis politikk handlar om nettopp det å verte samde om å finne felles løysingar, jamvel når ein er usamde, og at dette gjerast i demokratiske prosessar. Snakk også om at dei ulike partia representerer ulike meininger, slik at vi som veljarar kan røyste på dei som vi er mest samde med.

Elevane si viktigaste sak

- ««Kva er di viktigaste sak?» Kva er du mest oppteken av?
- «Kvar må vi verkeleg ta tak?» Kva for sak er det spesielt viktig å jobbe med?
- «Er nokre tak altfor tunge?» Kva meinast med dette? Er det nokre saker som verkar for vanskelege å løyse? Kva kan vi gjere då?

BARNEVENLEGE PARTIPROGRAM

Læringsmål: Kva saker er partiet oppteke av?

Tid: valshow ca. 20 minutt / 60 sekund film + tid til å utforske partiprogramma

Det er mange måtar å utforske partiprogramma på. Redd Barna foreslår at klassen jobbar med eitt av partia kvar dag og slik går igjennom alle partia i løpet av ni dagar. Nokre klasser kan kanskje mykje om partia, medan andre kan mindre. Klassen kan også delast i grupper, og alle partiprogram kan gjennomgåast i løpet av ein time. Du som lærar tilpassar oppleget, og her er eit framlegg som kan nyttast for alle partia.

1. Innleiing

Start timen med å kople på elevene sin forkunnskap om partiet, og introduser kva parti de skal lære meir om. Kva veit elevane om partiet frå før? Kva er dei nysgjerrige på å lære meir om?

2. Sjå film/Valshow


Det finst valshow med partileiaren/nestleienaren til kvart parti, der det mellom anna er ein 60 sekund lang film om partiet, film og intervju med partileiar. De kan sjå heile valshowet, eller de kan sjå berre den 60 sekund lange filmen.

3. Utforsk partiprogrammet

La elevane gå inn på nettsida/bruk smartboard, og les det barnevenlege partiprogrammet. Det er også mogleg å laste det ned som PDF og henge det opp i klasserommet. La elevane svare på følgjande spørsmål: Kva er partinamnet, og kvifor trur de at partiet heiter nettopp det? Kva farge bruker partiet, og kvifor? Kven er partileiaren? Kjenner de til nokre andre politikarar frå partiet? Kva saker er partiet oppteke av? Kva slags politikk fører partiet? Kva lurer de på om partiet?

5. Avslutning

Kva lærte du som du ikkje kunne frå før? Kva saker er partiet oppteke av? Sjå 60-sekundersfilmen med partiet som avslutning og repetisjon før timen vert avslutta.



SPØRSMÅL OG SVAR



Kva er eit barnevenleg partiprogram?

Alle partia har laga kvar sitt barnevenlege partiprogram, der dei enkelt og konsist gjev informasjon om eige parti og eigen politikk.

Kven har skrive innhaldet på nettsidene?

Alt innhaldet på partisidene og i dei barnevenlege partiprogramma er det partia sjølv som har levert. Det gjeld også dei politiske sakene på temakorta du finn nedst på partisida og under sida Politiske saker. Anna innhald er det Redd Barna som står for i samarbeid med produksjonsselskapet Nordic Screens.

Kvifor står partia i den rekjkjefølgda dei gjer?

Vi har valt å setje partia opp på ein tradisjonell politisk måte frå venstre til høgre. Oppstillinga er fast, og følgjer leserretninga frå venstre til høgre, for at det skal vere så enkelt som råd for elevar med nedsett syn å finne attende til ulike partia.

SAMANLIKNE POLITISKE TEMA

Læringsmål: Kva er skilnadene mellom dei ulike partia?

Tid: seks ulike tema med mykje informasjon – tid vert tilpassa klassetrinn og gjennomgang av aktivitetar

1. Innleiing

Vel eitt eller fleire tema som elevane utforskar. La gjerne elevane velje tema som de sjølv er mest interesserte i.

2. Utforsk politiske tema

La elevane snakke saman to og to. Kvar har partia plassert stjernene sine – kva saker er viktigast for dei ulike partia? Kva er partia samde om? Kva er partia usamde om, og kva skil partia?

3. Aktivitetar

- Arranger debattar der elevane skal representere ulike parti. La dei diskutere dei ulike sakene. Elevane skal øve seg på å setje seg inn i ulike politiske parti og argumentere for sine saker. Her er det viktig at elevane får god tid til å førebu seg og at tydelege roller vert avklarte. Avklar også på førehand om målet med debatten er å få fram ulike meininger, eller om målet er å bli samde om ei sak.
- La elevene øve seg på å halde politiske appellar om eitt eller fleire politiske tema.
- La elevene skrive eit lesarinnlegg om eit spesifikt politisk tema, kva som skil det partiet frå andre parti og kvifor røysta bør gå til nett det partiet. Her treng ikkje elevane vere samde med partiet, men dette kan vere ei øving i å argumentere for sakene til ei parti.
- Lag eit kunstverk som illustrerer skilnadane i politikk i Norge. Collage med avisutklipp, fotografi, illustrasjon og maling er nokre moglege uttrykk.

4. Refleksjon

Er det enkelt å forstå skilnadane mellom de ulike politiske partia? Kvifor/kvifor ikkje? Kva for tema er viktige for deg, og har denne oppgåva hjelpt deg til å forstå meir av kven som er samd/usamd med deg om noko?

5. Avslutning

Oppsummer læringsmåla for dagen, og spør om elevane no kan meir om kva ulikskapar det finst mellom dei ulike partia.

The screenshot shows the Barnas Valg 2021 website interface. At the top, there's a navigation bar with links for 'Demokratiet', 'Partiene', 'Politiske saker', 'Valgomat', 'SPRÅK VIDEO', and a red button labeled 'STEM HER'. Below the navigation, there are six categories: 'Klima og miljø', 'Helse', 'Arbeid' (highlighted in yellow), 'Skole', 'Kultur og fritid', and 'Verden'. Under each category, there are small icons and descriptions of what each party (Miljøpartiet de grønne, Arbeiderpartiet, Rødt) has written about that topic. A central callout box says 'Velg tema for å sammenligne partiene politiske saker' with three options: 'Vi vil at alle, unsett, skal kunne delta i samfunnet, jobbe og gjøre frivillige aktivitetar på likt nivå.', 'Arbeid til alle er jobb nummer én – skape flere jobber.', and 'Rødt ønsker hele og faste stillinger, og å begrense deltid og midlertidighet. Vi vil forbry bemanningsbransjen.' To the right of the main content area is a large question mark icon inside a speech bubble.

SPØRSMÅL OG SVAR

Kva for politiske tema er med?

Det er seks ulike saker som partia har skrive kort og konsist kva dei meiner om. Partia har skrive ned 1-3 punkter om kva dei synest er viktigast om seks ulike tema. De har også fått tre stjerner som dei har plassert på dei viktigaste sakene sine.

Korleis er dei seks ulike tema i Barnas val blitt valde ut?

Redd Barna har i samarbeid med barn valt ut tema, men det er dei politiske partia som sjølv har fylt dei med innhald. I dei vaksne sitt val er det ein miks av mediar og politikarar som set agendaen for kva som vert de viktigaste tema i ein valkamp. Ein slik dynamikk har vi diverre ikkje i Barnas Val, så difor må vi setje opp tema slik at barn lettare kan samanlikne partia sine meininger.

Kvifor står partia i den rekkefølgda dei gjer?

På sida om politiske tema er det ei fast oppstilling. Her har vi valt å vise temakorta under kvart tema med tilfeldig oppstilling, slik at eleven ikkje vert eksponert for dei same partia på topp kvar gong.

BARNAS VALSHOW

Læringsmål: Kven er partileiaren, og kva er hen og partiet opptekne av?

Tid: ca. 20 minutt per valshow

Det finst ti ulike valshow som alle varar i cirka 20 minutt:

1. Stortingspresidenten / Demokrati, Stortinget og Sametinget
2. Arbeiderpartiet (AP) / Utviklingspolitikk
3. Høgre (H) / Regjeringa
4. Senterpartiet (SP) / Stortingsvalet
5. Venstre (V) / Uformell makt
6. Sosialistisk Venstreparti (SV) / Ytringsfridom
7. Kristelig folkeparti (KrF) / FN sine berekraftsmål
8. Miljøpartiet dei grøne (MDG) / Påverknad
9. Fremskrittspartiet (FrP) / Maktfordelingsprinsippet
10. Rødt / Makt

Hvert valgshow inneholder:

- 60 sekund video om et parti
- intervju med partileiar/nestleiar eller stortingspresident
- spørsmål frå barn
- film og/eller samtale om eit spesifikt tema

Det blir også laga eit Barnas valshow til, der resultata frå røystinga blir direktesende. Meir informasjon om kva tid Barnas valshow med resultat vert tilgjengeleg, vil du finne på www.barnasvalg.no.



1. Innleiing

Fortell kva partileiar som er med i dagens valshow og kva som er dagens tema.

2. Sjå valshowet

Be elevane skrive ned tre nye ting som dei lærer og tre ting dei lurer på medan dei ser på valshowet.

3. Avslutning

Kva har du lært? Kva spørsmål har du? Snakk med klassen og bli samde om kva de vil lære enno meir om.

FILMAR OM DEMOKRATI

FILM: TI KJAPPE FAKTA OM STORTINGSVALET

Læringsmål: Kva er stortingsvalet?

Tid: film ca. 2 minutt + tid til spørsmål og utforskning

Spørsmål til filmen:

- Kor ofte er det stortingsval?
- Kva meinast med valdistrikt?
- Korleis kan ein røyste til stortingsvalet?
- Kva er partiprogram?
- Kvifor driv politikarane valkamp?
- Kven har røysterett? Kvifor er det så viktig å bruke røysteretten?
- Kva meinast med hemmeleg val?
- Kva er eit utjannigsmandat?
- Kor mange plassar er det på Stortinget? Korleis vert representantane valde?
- Kven avgjer kven som får danne regjering? Kva gjer Stortinget?
- Kva er demokrati? Kva tyder demokrati for barn og unge? Kva meinast med at «valet skjer ein gang kvart fjerde år, men demokratiet skjer kvar dag»? Korleis bidreg du til demokratiet?

FILM: REGJERINGA

Læringsmål: Korleis vert regjeringa vald?

Tid: ca. 2 minutt + tid til spørsmål og utforskning

Spørsmål til filmen:

- Korleis vert regjeringa vald?
- Kva er mindretalsregjering? Og kva er fleirtalsregjering?
- Kvifor vert det laga samarbeidsavtaler?
- Korleis vert statsministeren utpeika? Og kva med statsrådane?
- Kva er Statsråd?
- Kva er kabinettpørsmål?



FILM: MAKTFORDELINGSPRINSIPPET

Læringsmål: Kva er maktfordelingsprinsippet?

Tid: ca. 2 minutt + tid til spørsmål og utforskning

Spørsmål til filmen:

- Kva er makt?
- Kva er maktfordelingsprinsippet?
- Kva er skilnaden mellom de ulike statsmaktene?
- Kva er uformell makt?
- Kven meiner du at har makt i samfunnet vårt? Veit du om nokre barn eller unge som du meiner at har makt?

FILM: PÅVERKNAD

Læringsmål: Korleis kan eg påverke?

Tid: ca. 2 minutt + tid til spørsmål og utforskning

Spørsmål til filmen

- Nemn døme de kjenner til der barn og unge har påverka politikk lokalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Korleis kan barn og unge påverke? Gi døm på ulike måtar det går an å påverke på.
- Kva rettar har barn og unge?
- Kva seier du frå om, både det som er dårlig og bra? Kva synes du er lett å seie frå om? Kva tid kan det vere vanskeleg å seie frå om noko?
- Kva gjer elevrådet på skulen din og ungdomsrådet i kommunen?
- Kvifor er det viktig at de som er barn og unge nyttar røysta dykkar her og no, og ikkje berre i framtida?

Læringsaktivitetar

- No som det er valkamp, prøvar politikarane å vere ute der folk er, til dømes på torg eller utanfor butikkar. Førebu spørsmål til politikarane og oppsök offentlege arrangement med klassen.
- Kanskje det går an å invitere til politikarmøte på skulen? La elevane spørje politikarane om kva dei meiner om den saka dei synest er viktigast.
- Er det ei sak klassen er oppteken av og kan samlast om, som dei ønskjer å utfordre kandidatane frå deira valdistrikt på? La klassen skrive eit felles brev til stortingskandidatane og ta kontakt med lokalavisa.
- Skriv lesarinnlegg til lokale/nasjonale avisar!
- Lag ei foto- eller kunstutstilling om utfordringar politikarane bør gjere noko med, og inviter media og politikarar til opninga. Kanskje nokon også vil lage musikk, dans og poesi?
- La elevane tenkje på ei politisk sak dei er opptekne av og der dei ønsker å få til ei endring. Korleis vil verda sjå ut om den endringa skjer? Kva må barn og unge gjere? Kva må vaksne gjere? Korleis kan barn og unge påverke dei vaksne som har mest makt til å gjennomføre endringa?
- Kva er hersketeknikkar, og kva kan elevane gjere om dei opplever det? Finn døme på hersketeknikkar. Dramatiser ulike situasjonar og la elevane finne løysingar på korleis dei ulike situasjonane kan handterast.

Avisinnlegg

- Er det nokon i klassen som har røynsle med å skrive debattinnlegg i avisar? Har han nokre råd til dei andre i klassen?
- Kvar kan de finne informasjon om det å skrive debattinnlegg i avisar? Sjekk ut Aftenposten SiD ;), Framtida og Dagsavisen. Kanskje kan de også få nokre tips frå lokalavisa?
- Spør elevane om korleis du som lærar kan støtte og leggje til rettes i prosessen med å skrive debattinnlegg. Sjå særleg på tipsa til skulen frå Ungdommens ytringsfrihetsråd.
- Snakk om Ungdommens ytringsfrihetsråd og gå igjennom «Tips til ungdom som vil bruke stemmen sin».

Debatt

- Påstandane/politiske saker kan nyttast som utgangspunkt for samtaler og debattar i klasserommet. La elevane få velje eitt eller fleire tema som dei er interesserte i, og som dei ønskjer å få djupnelæring om. Slik kan elevene bli betre kjent med kva dei ulike partia meiner om dei ulike sakene, og dei kan øve seg på å diskutere.
- Innleiande aktivitet før diskusjon/samtale i klasserommet kan vere ein klassekontrakt eller klassen sine eigne reglar for eit godt debattklima. Korleis skal vi i klassen saman sørge for at alle fritt kan seie kva dei meiner og bli respektert?
- «Ta stilling» kan vere ein fin aktivitet for å diskutere konkrete saker. Her skal elevane stille seg på den eine sida av klasserommet dersom dei er samde, og på den andre sida dersom dei er usamde – evt. også med høve for å stå i midten dersom ein er usikker/verken er samd eller usamd. Les meir i Redd Barna sitt hefte «Ingen utenfor».

Tips: Ytringsfrihetens ungdomsråd lanserte denne rapporten Hvordan står det til med ytringsfriheten til ungdom og unge voksne i Norge? Rapporten er eit initiativ fra Norsk PEN og Fritt Ord. Seksten unge i alderen 16 til 26 år har sett på debattklimaet for unge. I rapporten kjem dei med konkrete tips til mellom anna skulen og dei som vil engasjere seg i samfunnsdebatten. Ytringsfrihetens ungdomsråd meiner at det bør bli gjeve betre opplæring i å skrive debattinnlegg og delta i diskusjonar på skulen. Dessutan bør læraren bidra til å fjerne terskelen for å ytre seg i plenum, og godkjenne meininger som er kontroversielle.

FN SINE BEREKRAFTSMÅL

FILM: FN SINE BEREKRAFTSMÅL OG POLITIKK

Læringsmål: Kva er FNs berekraftsmål, og kva tyder dei for norsk politikk?
Tid: ca. 2 minutt + tid til spørsmål og utforskning

Spørsmål til filmen

- Kva er berekraftig utvikling?
- Kva er FN sine berekraftsmål?
- Kva tid skal berekraftsmåla nåast? Kor mange mål og delmål er det?
- Kva har FN sine berekraftsmål med politikk å gjere?
- Kven er det FN sine berekraftsmål spesielt skal jobbe for?
- Gje døme på barn og unge som de veit om som har påverka politikk lokalt, nasjonalt og internasjonalt, og som kjempar for å nå berekraftsmåla.
- Kva er berekraftsmål 1, og kva skal Noreg gjere for å nå det målet? Snakk om korleis ulike land har ulike utfordringar, og må føre ulik politikk.
- Kva er berekraftsmål 13, og kva er dei politiske moglegitetene og spenningane med å nå målet?
- Kva synest du at politikarane skal gjere for at vi kan nå berekraftsmåla? Kva skal du gjere for å bidra til å nå berekraftsmåla, og korleis kan du påverke politikk for berekraftsmåla?



Læringsaktivitetar

- Søk opp nyhendeartiklar om FN sine berekraftsmål-pin/nål. Sjå på biletet av ulike politikarar som har på seg FN-nåla. Kva for politikar frå kva parti brukar den, og kvifor gjer dei det? Finn også biletet av politikarar som ikkje har på seg FN-nåla, og lær meir om kvifor dei ikkje brukar den. Ville du ha gått med FN-nåla? Kvifor eller kvifor ikkje?
- Erna Solberg har vore leiar for FN si pådrivargruppe for berekraftsmåla. Søk opp biletet og nyhendeartiklar om kva Erna Solberg har gjort, og sjå på biletet av henne frå heile verda med ulike statsleiarar og kjendisar. Kva er det Noreg har bidrige til som er positivt for berekraftsmåla? Er det noko som kunne vore gjort annleis?
- Våren 2020 la regjeringa fram ein handlingsplan for FN sine berekraftsmål, og den skal handsamast av Stortinget. Se på nyhetssaker og informasjon om handlingsplanen. Kva for positiv tilbakemelding fekk handlingsplanen, og kva for kritikk fekk regjeringa? Korleis trur de at det komande valet vil påverke handlingsplanen? Kva ønskjer de for handlingsplanen?
- Riksrevisjonen har undersøkt styring av og rapportering på den nasjonale oppfølginga av FN sine berekraftsmål. Drøft funna frå rapporten og kva tilbakemeldingar regjeringa har fått.
- Sjå på nettsidene til dei ulike politiske partia. Kva skriv dei om FN sine berekraftsmål? Utforsk eitt eller fleire av måla og sjå på kva slags politikk dei foreslår for å nå måla, både her i Noreg og internasjonalt.
- Ta kontakt med kandidatane til Stortinget eller Sametinget, og spør om kva berekraftsmål dei spesielt er opptekne av, og korleis dei skal jobbe for at Noreg skal bidra med å nå måla.
- Vel ut ulike land og utforsk landets demokrati, val og noverande politikk, og sjå på kva utfordringar og moglegheitene dei har med å nå bærekraftsmåla. Sjå gjerne på Norad sine heimesider og lær meir om ulike land og deres styresett.

FILM: SAMETINGET

Læringsmål: Kva er Sametinget og sametingsvalet?

Tid: film ca. 7 minutt + tid til spørsmål og vidare jobbing

1. Innleiing (10 minutt)

Sametinget er ein viktig del av norsk demokrati, og har mykje å seie for samane og deira kvardag. Kva veit de om Sametinget? Og kva kan de om Sametingsvalet? La elevane snakke saman to og to om dette.

2. Sjå film om Sametinget

Sjå filmen anten saman i klassen eller at kvar elev ser den på eigen PC.

3. Spørsmål til filmen

- Kvar ligg Sametinget? Kva la du merke til med bygget? Korleis såg det ut utanfor og inni?
- Kva tid er sametingsvalet? Kven kan røyste i sametingsvalet?
- Kor mange blir valde inn til Sametinget? Representantane kjem frå heile det samiske området, men kva vil det seie?
- I filmen får vi høyre ordet representativt demokrati. Kva tyder det? Kvifor trur de at det er viktig for demokratiet og samane i Noreg?
- Kva er sametingsrådet? Kan sametingsrådet og regjeringa samanliknast, og kvifor det? Korleis samarbeider Sametinget og Stortinget?
- Kva gjer Sametinget for samiske barn og unge? Korleis kan samiske barn og unge engasjere seg?

4. Sametingets nettsider

La elevene utforske Sametinget sine nettsider og svare på følgende spørsmål: Hva er sametingsrådet og hvordan velges det? Hvor mange partier er det som stiller med lister? Hvilke valgdistrikter finnes? Hvilke samiske saker er de ulike partiene opptatt av? Hvilke samiske språk brukes av samiske politikere i dag? La elevene lage en film/plakat/powerpoint hvor de svarer på disse spørsmålene.

5. Avslutning

Hva er det viktigste du har lært om Sametinget og sametingsvalget? Hva vil dere lære mer om? Fortell at temaer som ble tatt opp i filmen skal dere jobbe videre med og at det er en viktig del av undervisningen i alle fag.

TIPS TIL VIDARE ARBEID OM SAMETINGET OG POLITIKK

Bruk filmen som utgangspunkt for gruppearbeid om Sametinget og politikk. Del gjerne elevane inn i grupper og la dei presentere for kvarandre, eller la elevene jobbe med temaet lengre fordjupingsperiodar:

- Kva var fornorskingspolitikken? Gjer greie for kva fornorskingspolitikken tydde for samane. Kva slags politikk vart ført mot samane før? Kva for urett vart dei utsette for?
- Urfolk i heile verda har også blitt utsette for urett. Sjå på likskapar mellom fornorskingspolitikken som vart ført i Norge og kva politikk som tidlegare vart ført i land som New Zealand, Australia, Latin-Amerika, USA, Canada og Grønland.
- Kva var Alta-opprøret? Reflekter over kven som hadde makt, og korleis ulike standpunkt vart nytta. Utforsk kva dei ulike partia meinte om Alta-vassdraget medan konflikten føregjekk.
- Kva er Samelova? Kva mening har den fått for samane?
- Kva er ILO-konvensjonen 169 om urfolk og stammefolk? Kva inneber det at Norge har ratifisert denne konvensjonen, og kva andre land har gjort det same? Finn ut meir om kva konvensjonen tyder for norsk politikk, og kvifor den er viktig for menneske, likestilling og likeverd.
- Kva for nasjonal politikk vert i dag ført i høve til samane? Utforsk kva dei ulike partia meiner om samiske saker og Sametinget.
- Er det berre Noreg som har eit sameting? Nei, det er ikkje berre Noreg som har eit sameting, både Sverige og Finland har sameting for samane som bur i dei landa. Sametinga samarbeider når det er saker som vedgår samane i alle landa. Lær meir om samarbeidet på tvers av dei nordiske landa, og finn ut kva for saker dei samarbeider om.
- I nokre saker har Sametinget og Regjeringen/Stortinget vore usamde. Kjenner de til nokre slike saker? Finn ei sak, til dømes om forvalting av naturressursar, og reflekter over dei ulike spenningane og interessene i samisk og norsk politikk.
- Sametinget er unikt i verdssamanhang. Kva vil det eigentleg seie? Kva rettar har urfolk i andre land? Bruk New Zealand og Guatamala som land for samanlikning.
- Jobb vidare med FN sine berekraftsmål og prinsippet om "leaving no-one behind"/ingen skal utelataast. Kvifor står det som hovudkjernen til FN sine berekraftsmål at urfolk skal spesielt prioriterast? Vel ut eitt av måla og sjå på delmåla, og kva dei tyder for samar og politikk.
- Sjekk ut sosiale media og unge samar som engasjerer seg i politikken. Kva saker er dei opptekne av, og kva parti stiller de for?
- Bli kjent med samiske kunstnarar, som til dømes Máret Ánne Sara, og reflekter over korleis kunsten bidreg i samfunnskritikk, og fokuserer på utfordringar i dagens reindriftspolitikk.
- Sjekk ut filmen Hvorfor feirer vi samenes nasjonaldag? med YouTuber Dina Andrea, og lær meir om samane sin politiske kamp og samfunnsendringane.
- Sjå filmen samiske språk i Norge, og lær frå fem samiske ungdommar om kvifor samiske språk er viktig, og hør kva ønskje de har til politikarane om korleis samiskopplæringa kan styrkes.

BARNAS VALGOMAT

Læringsmål: Kva parti er eg mest samd med?

Tid: ca. 60 minutt

1. Innleiing (5 minutt)

Still spørsmålet «Kva parti er du mest samd med?». Fortel at de i dag skal utforske dette, og at de skal nytte noko som heiter «Barnas Valgomat» til å prøve å finne ut meir om det.

2. Om saker og parti (5 minutt)

La elevane snakke saman to og to. Kva parti finst i Noreg? Kva saker er viktigast for dei ulike partia? Kva saker er du mest oppteken av? Kva parti trur du at du er mest samd med?

3. Om valgomat (5 minutt)

Kva er ein valgomat? Har du teke ein valgomat før? Kva er bra med ein valgomat? Kva kan vere utfordringane med ein valgomat? Snakk om at det er heilt frivillig å seie resultatet frå valgomaten. Same kva parti eleven får, er det ikkje noko som er feil eller rett.

4. Elevane tek valgomaten (20 minutt)

Gå inn på www.barnasvalg.no/valgomat. Alle elevane tek valgomaten på kvar sin PC, nettbrett eller mobil. Det er viktig at alle får god nok tid til å gjennomføre valgomaten i sitt eige tempo. At det er ro og at ingen prøver å sjå kva andre elevar svarer, er også særskilt viktig. Spør elevane om dei lurer på noko før dei byrjar med å ta valgomaten.

5. Refleksjon (5 minutt)

Kva synest du om valgomaten? Er resultatet slik du trudde på førehand? Kva var vanskeleg å svare på, og er det nokon som har spørsmål? Er det nokon som er overraska? Ta opp att at det er frivillig å fortelje kva parti ein fekk. La elevane snakke to og to om dette.

6. Avslutning (5 minutt)

Snakk om korleis Barnas Valgomat kan hjelpe elevene til å bli meir klare for å røyste i Barnas Val. Presiser at Valgomaten berre er meint som hjelp. Elevane kan sjå på partiprogramma ein gong til for å finne ut av kva partiet står for. Valgomaten er ikkje ein fasit, og elevane må sjølve gjere opp si ega mening.

Hvilket parti er du mest enig med, tror du?



Barnas valgomat

> Velg språk

START >

BARNAS
VALG 2021

Levert av NTB

BARNAS VALGOMAT

AKTIVITETSTIPS!

Bruk gjerne anonym responsteknologi (til dømes Mentimeter), for å sjå kva parti elevane trur at dei er mest samde med før dei tek valgomaten. Bruk responsteknologi for å sjå kva resultat elevane fekk etter at dei har tatt valgomaten, og sjå på om dei er annleis enn på starten av timen. Reflekter rundt kvifor resultata kan vere ulike.

Mange nettavisar har valgomatar no før valet. La gjerne elevane prøve nokre fleire valgomatar, for å bli betre kjend med partia og sakene. Her er det interessant å sjå om elevane får ulike resultat frå dei ulike valgomatane. Det kan vere gode utgangspunkt for å snakke om kva som kan være grunnane til det.



SPØRSMÅL OG SVAR

Kva fortel valgomaten elevane?

Valgomaten fortel elevane kva parti dei er mest samde med i dei spørsmåla vi har valt å ta med. Om vi hadde valt andre tema, kan det hende at elevane hadde fått eit anna svar. Politikarane diskuterer mange fleire saker enn dei vi har teke med i valgomaten.

Korleis har vi laga valgomaten?

Vi har sendt spørsmåla til partia og bede dei seie kor usamde eller samde dei er.. Så har vi valt dei spørsmåla som best synet skilnader mellom dei. Når elevane svarer på de same spørsmåla, samanliknar NTB elevane sine svar med partia sine svar. NTB og Redd Barna har freista å finne nokre saker som vedgår barn og unge. Vi har også valt nokre saker som mange diskuterer i årets valkamp. Og så er det viktig at spørsmåla synet skilnader mellom partia, altså at ikkje alle partia har same svar.

Får nokon vite kva parti elevene er mest samde med?

Nei. Svara vert lagra, men utan at dei kan knytast til den som har svart. Så lenge elevane ikkje sjølv fortel kva dei har svart eller deler resultatet på valgomaten med andre, får ingen vite det.

Kva parti er med og kvifor?

Vi har tatt med partia som sit på Stortinget. Det finst også mange andre mindre politiske parti eller politiske lister. Men sidan dette valet er eit stortingsval, tek vi med dei partia som kan få nok røyster til at deira representantar vert valde inn på Stortinget.

Saknar elevane eit spørsmål som dei er opptekne av?

Vi har først og fremst valt spørsmål som vedgår mange og som partia er usamde om. Vi har funne spørsmål innan ulike tema, som til dømes skule, klima, innvandring og rovdyr. Men det er også mange andre ting politikarane diskuterer og som dei har ulike svar på.

Kven har laga valgomaten?

Barnas valgomat er laga av nyhendebyrået NTB i samarbeid med den danske nettavisa Altinget. NTB lager nyhende og anna innhald som vert nytta av mange norske media. Altinget skriv berre om politikk og har laga mange valgomatar i Danmark og Sverige før. NTB har også samarbeidd med Redd Barna.

Kva er samanhengen mellom NTBs valgomat, Redd Barna og Barnas val?

Det er NTB og Altinget som har laga valgomaten. Begge er politisk nøytrale. Det vil seie at dei ikkje har noka mening om kven som skal vinne valet. Redd Barna betaler NTB for å lage valgomaten, som ein del av prosjektet Barnas val. Både NTB og Redd Barna ønskjer at barn og unge skal lære meir om politikk, parti og demokrati. Redd Barna har ikkje vore med på å bestemme tema, spørsmål eller argumenta i valgomaten.

RØYSTE I BARNAS VAL!

Tid: ca. 30 minutt

Læringsmål: Kva parti vil eg røyste på i Barnas Val?

Utstyr: PC/nettbrett/mobil

Valveke: Elevar frå 5. – 10. trinn kan røyste på nettsida i perioden mandag 6. september til og med torsdag 9. september kl. 16.00.

1. Innleiing

Skuleelevar i heile landet røyster denne veka til Barnas Val. Og i dag skal heile klassen røyste! Kva parti skal du røyste på i Barnas Val?

Kvifor er det viktig at barn og unge gjev si røyst i Barnas Val? Snakk om høvet til å påverke, det å øve seg på å røyste og kor viktig det er for demokratiet vårt at alle deltek.

2. Aktivitet: digitalt val

Legg til rettes for at elevane kan røyste i ro utan å vere redde for at nokon skal kunne sjå kva dei røyster. Minn også elevane på at dei ikkje treng å fortelje kva dei har røysta, dersom dei ikkje vil det sjølv. Val i Norge er hemmeleg, og det gjeld også Barnas Val.

Gå inn på nettsida barnasvalg.no og la elevane stemme. Barnas Val er eit digitalt val der alt skjer på nettsida barnasvalg.no. Det er på nettsida at elevene gjev si røyst i den perioden det er ope for røysting.

3. Refleksjon

Korleis kjennes det å røyste? Opplevde du at du var klar for å røyste, eller var du usikker på kva parti du skulle røyste på? Kva har du lært av Barnas Val?

4. Avslutting

Kven trur du vinn Barnas Val på skulen vår? Og kven trur du vinn Barnas Val i Noreg? Fredag 10. september vert resultata frå Barnas val offentliggjorde i Barnas Valshow som vert sendt direkte på nettsida. Fortell at de skal følgje med på valshowet.

[Tilbake til nettsiden](#)

Gjør deg klar for å stemme!

Alle som går i 5. - 10. trinn kan stemme. Du trenger en nøkkel som du kan få av læreren din eller på SMS til en telefon.

Sett i gang!

I noen få kommuner kan man bruke Feide for å stemme.

👉 [Sjekk om din kommune kan bruke Feide](#) 👈

Fysisk val

Redd Barna veit at fleire skular liker å skipe eit fysisk val, og det vonar vi at mange gjer. Det er veldig viktig at de nyttar Barnas Val sine nettsider når røysta skal gjevest. De kan til dømes setje opp røysteavlukke der barna anten har med seg nettbrett inn for å røyste, eller at de har sett ein pc i avlukket for å kunne gje si røyst.

Nokre skular vel også å lage eigne røystesetlar til fysisk val. Om de vel å lage eigne røystesetlar, så sorg for at røysta også blir gjeven via www.barnasvalg.no. **Det er viktig at alle elevar røystar digitalt, så røysta tel i det store nasjonale Barnas Val!**



SPØRSMÅL OG SVAR OM RØYSTINGA

Elevane må nytte Feide eller nøkkelen for å røyste. Er det hemmeleg val då?

Ja, det er framleis hemmeleg val, fordi Feide eller nøkkelen berre gjev eleven høve til å røyste. Eleven røystar ikkje med sjølve nøkkelen eller Feide-brukaren sin, og eleven opnar berre opp røystemoglegheita på nettsida. Verken Feide-brukaren eller nøkkelen vert lagra hos Redd Barna, men innlogginga/nøkkelen gjev melding til Barnas Val-nettsida om at dei ikkje kan brukast ein gong til etter at eleven har røysta. Men jamvel denne meldinga er ikkje kopla til sjølve røysta.

Korleis kan lærarar tinge nøklar til elevane?

Lærarar kan tinge nøklar til elevane sine på sida For lærarar. Du finner For lærarar nedst på nettsida. Som lærar kan du tinge inntil 100 nøklar til éi e-postadresse. Dersom du ønskjer fleire enn dette kan du ta kontakt med oss på barnasvalg@reddbarna.no. Vi hjelper deg gjerne om du treng hjelp til nøkkeltinginga. Elevar som ikkje får nøkkelen av lærar eller har Feide som er kopla til Barnas Val, kan tinge nøkkelen på SMS til ein mobiltelefon de har tilgang til.

Korleis kan lærarane vite om vi kan bruke Feide?

Både lærarar og elevar kan sjekke med IT-ansvarlege på skulen om skulen har aktivert Feide for Barnas Val. De kan også sjekke med skuleeigaren/kommunen om tenesta er aktivert for skulen deira. Dersom de har Feide aktivert for Barnas Val på skulen dykkar, er dette den enkleste måten å identifisere seg for å få tilgang til røystinga.

Kva med barn som ikkje får nøkkelen av lærar og ikkje har Feide-innlogging?

Barn som ikkje har tilgang til nøkkelen frå lærar, eller som ikkje kan bruke Feide-innlogging, kan likevel tinge ein nøkkelen på SMS til eit telefonnummer dei har tilgang til. Dette telefonnummeret vert ikkje lagra, men legg att ei melding på nettsida om at dette nummeret er blitt brukt, slik at hen ikkje kan tinge meir enn éin nøkkelen per telefonnummer.

De spør om namnet til barna når barna skal røyste.

Kvifor det?

I val må ein alltid identifisere seg før ein røystar, men det er inga kopling mellom identitet og røyst. Slik er det også i Barnas Val. Når vi spør om namnet, så er det berre for å vise tydeleg at dette er di personlege røyst. Namnet vert ikkje lagra. Røysta som eleven gjev i Barnas Val vert berre lagra saman med skulen saman som eleven går på, og kommunen og fylket som eleven bur i. Dette er for at ein skal kunne sjå resultata frå einskildskular og på kommunenivå og fylkesnivå. Ingen kan vite kva eit barn røyster i Barnas Val utan at barnet syner eller seier det sjølv.

Hvorfor vises ikke resultatet for skolen vår?

Dersom det er færre enn 50 barn som har røysta, har vi valt å ikkje vise resultatet for å være sikker på at ikkje barn kan identifiserast og koplast med eit røysterresultat med få røyster.

Må ein stemme på ein bestemt dag?

Ein kan røyste frå mandag 6. september til torsdag 9. september kl. 16.00. Då stenger røystinga og Barnas Val startar oppteljinga. Fredag 10. september kjem resultata - følg med på nettsidene for tidspunkt!

Kvifor kan ein ikkje røyste heile tida?

Barnas Val ønskjer at barn og skular får tid til å setje seg godt inn i valet og politikken og gjere eit velinformert val om kva parti ein ønskjer å støtte. Og så vert det litt ekstra stas når sjølve valveka med fire dagar til røysting og ein femte dag med resultatet!

Autentisering

Vi jobbar alltid for å få eit så påliteleg valresultat som råd, men sidan det ikkje finst eit valmannal for 5. til 10. trinn, har vi sett opp ein liten sjekk før du får tilgang til den digitale stemmeurna. Dette vert gjort anten via Feide eller med ein personleg eingangsnøkkelen som lærarar kan dele ut til sine elevar. Vi gjer dette for å avgrense høvet til å stemme meir enn ein gong.

Personvern/GDPR

Redd Barna tek personvern på alvor. Sjølv om eleven autentiserer seg og skriv inn namnet sitt før dei røyster, vil elevane sine namn aldri kunne knytast saman med den faktiske røysta. Feide eller nøkkelen gjev deg berre høve til å stemme. Eleven røystar ikkje med sjølve nøkkelen eller Feide-brukaren sin. Eleven opnar berre opp stemmemoglegheita på nettsida. Verken Feide-brukaren eller nøkkelen vert lagra hos oss, men dei legg att ei kryptert melding til Barnas Val-nettsida om at dei ikkje kan brukast ein gang til etter at ein har røysta. Men jamvel denne meldinga vert lagra separat frå røysta.

UNIVERSELL UTFORMING OG SPRÅK

Tilgjengeleight (WCAG)

Nettsida er utvikla etter prinsipp for tilgjengeleight (WCAG) og er universelt uforma. Nettsida kan nyttast frå PC, Mac, nettrett eller mobiltelefon. Redd Barna har jobba målretta for at nettsida og innhaldet skal være universelt utforma, og det inneber:

- Nettsida oppfyller EUs webdirektiv standard 2.1 AA
- Filmar om demokrati er teksta, synstolka og teiknspråktolka
- Alle filmar er teksta på bokmål
- Valgomaten er tilgjengeleg for synshemma
- Alle PDF-ar er tilgjengelege med skermlesar

Nettsida er tilgjengeleg frå ulike nettlesarar og operativsystem. Nettsida gjer bruk av standardar og dokumenterer bruk av format med trøng for plug-ins og andre utvidingar i nettlesaren. Læremiddelet er merket etter norsk standard NS 4180:2020 Læringsteknologi - Metadata for læringsressurser, der utdanningsspesifikke eigenskapar i kap. 5.2.2 er fylt ut med Grep (den nasjonale læreplandatabasen for grunnopplæringen).

SPØRSMÅL OG SVAR

Kor tilgjengeleg er Barnas Val for barn med funksjonshemminger?

Barnas Val er for alle barn som går i 5. klasse og til og med 10. trinn. Vi ønskjer å lage ein så brukarvenleg nettstad som råd, slik at alle barn, inkludert barn med funksjonsvansk, kan bruke Barnas Val.

Korleis vert nettsida og innhaldet gjort tilgjengeleg?

Redd Barna har følgt prinsipp i standardar for tilgjengeleight (WCAG). Vi har også fått hjelp av utviklarar og barn som sjølv har funksjonsvansk.



Språk

Alt innhald er tilgjengeleg på bokmål.

Følgjande innhald er tilgjengeleg på **nynorsk, nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk**:

- Filmar om demokrati er teksta
- Ni partiprogram finst som PDF-ar
- Valgomat tilgjengeleg på nettsida
- Lærarrettleiing finst som PDF

Teiknspråktolka:

- Filmar om demokrati



SPØRSMÅL OG SVAR

Kvar finn eg alt som er omsett til ulike språk?

Du kan finne alt innhald som er omsett til fleire språk under menypunktet Språk. I tillegg vil du på ulike stader på nettsidene kunne sjå einskilde filmar teksta på fleire språk. Deler av innhaldet kan også lastast ned som PDF på fleire språk, mellom anna partiprogramma. Valgomaten er tilgjengeleg på fem ulike språk, og det er også ein del av innhaldet som du vil finne på fleire språk.

Kvifor er ikkje heile Barnas Val tilgjengeleg på alle språka i Noreg?

Vi skulle gjerne ha utvikla heile nettstaden på alle offisielle språk i Noreg, men det har vi ikkje fått til enno på grunn av finansiering og kapasitet.

Tidlegare har ikkje noko av Barnas Val vore tilgjengelie på samiske språk og veldig lite på nynorsk, og i år er omsetjing til ulike språk prioritert.

Redd Barna jobbar til ei kvar tid med å sikre finansiering og ressursar til omsetjingar.

FN SIN BARNEKONVENSJON

FN sin barnekonvensjon er ein internasjonal avtale om barn sine rettar. Alle barn og unge under 18 år i heile verda har de same rettane. FN sin barnekonvensjon står i norsk lov.

1. Barnealderen

FNs barnekonvensjon gjeld for alle barn under 18 år.

2. Ingen diskriminering

Alle barn har rett til å ikkje bli forskjellsbehandla på grunn av sin eigen eller foreldra sin kultur, hufarge, kjønn, språk, religion, bakgrunn, funksjonsnedsetting eller meining.

3. Til barnet sitt beste

Vaksne skal gjare det som er best for barna.

4. Staten sitt ansvar

Staten har ansvar for at alle barn får rettane sine oppfylt.

5. Foreldrerettleiing

Foreldre har rett og plikt til å gje barna dei råda som dei meiner at barna treng for å ha det bra.

6. Liv og framtid

Alle barn har rett til å vekse opp, utvikle seg og ha ei framtid.

7. Namn og nasjonalitet

Alle barn har rett til å ha eit namn og å høre til et land, og å kjenne til foreldra sine og få omsorg frå dei, så langt det er mogleg.

8. Identitet

Alle barn har rett til å ha sin eigen identitet og få vere den dei er.

9. Bu med foreldra

Alle barn har rett til å bu saman med foreldra sine, bortsett frå når dette ikkje er bra for barna.

10. Gjenforeining av familien

Alle barn som ikkje bur i same land som foreldra sine, har rett til å ha kontakt med begge og søkje om å få bu saman.

11. Bortføring til utlandet

Ingen har lov til å ta barn ulovleg ut av landet sitt eller halde dei i utlandet ulovleg.

12. Å seie si meinung og bli hørt

Alle barn har rett til å seie sine meininger og ha innverknad i saker som vedgår dei.

13. Ytringsfridom

Alle barn har rett til å finne, få og spreie informasjon, så lenge det ikkje bryt med andre rettigheter.

14. Tanke- og religionsfridom

Alle barn har rett til å tru og tenkje på det de sjølve ønskjer, og bli respektert for det.

15. Organisasjonsfridom

Alle barn har rett til å delta i organisasjoner og på samlingar.

16. Privatliv

Alle barn har rett til privatliv.

17. Informasjon og media

Alle barn har rett til å få informasjon som er tilpassa barn, og de skal vernast mot skadeleg innhald.

18. Foreldreansvaret

Alle barn har rett til å bli oppdratt av begge foreldra sine, dersom det er mogleg.

19. Vern

Ingen har lov til fysisk eller psykisk å skade eller misbruке barn.

20. Barn som ikkje bur med familien

Alle barn som ikkje bor med foreldra sine, har rett til å få vern og hjelpe.

21. Adopsjon

Alle barn som vert adopterte, skal vere trygge på at det er gjort til deira beste.

22. Flyktningbarn

Alle barn som er flyktningar, har rett til å få den hjelpa og det vernet dei treng.

23. Barn med funksjonshemmingar

Alle barn med psykiske og fysiske funksjonsvanskår har rett til tilrettelegging, slik at dei kan delta, utvikle seg og ha opplæring på lik linje som alle barn.

24. Helse

Alle barn har rett til eit godt helsetilbod.

25. Barn i fosterheim eller på institusjon

Alle barn som ikkje bur med foreldra sine, har rett til å bli følgd godt opp og ha ein trygg oppvekst. Det skal vurderast regelmessig om det er det beste for barnet.

26. Økonomisk hjelpe

Alle barn har rett til økonomisk hjelpe, dersom foreldra ikkje har nok pengar til å gje dei ein trygg og god oppvekst.

27. Levestandard

Alle barn har rett til å ha god nok levestandard, slik at dei kan utvikle seg og ha ein meiningsfull kvardag.

28. Skule

Alle barn har rett til å gå på skule og ta utdanning.

29. God skule

Alle barn har rett til å gå på ein god skole, der de får utvikle seg på ulike måtar og får respekt for menneskerettane, natur og ulike kulturar.

30. Urfolk og minoritarar

Alle barn frå urfolk eller minoritarar har rett til saman med andre i si gruppe å snakke sitt eige språk, ha sin eigen kultur og si eiga tru.

31. Leik og fritid

Alle barn har rett til leik, fritid og kvile, og til å delta i kunst- og kulturliv.

32. Arbeid

Alle barn har rett til at arbeid ikkje skal gå utover skule og helse. Arbeid skal ikkje vere farleg eller skadeleg.

33. Narkotika

Alle barn har rett til å bli vernata mot narkotika.

34. Seksuell utnytting

Alle barn skal vernast mot seksuell utnytting og misbruk.

35. Bortføring

Bortføring og sal av barn er ulovleg.

36. Vern mot utnytting

Alle barn skal vernast mot utnytting som kan vere skadeleg.

37. Fengsel, straff og tortur

Alle barn som har brote lovea, har rett til at straffen skal vere skadeleg og at fengsel vert nyttta som siste utvei. Barn må aldri handsamast på ein umenneskeleg eller nedverdigande måte.

38. Barn i krig og konflikt

Alle barn har rett til vern mot krig og konflikt. Barn skal aldri nyttast som soldatar.

39. Hjelpe

Alle barn som har opplevd noko vanskeleg eller skadeleg, har rett til hjelpe.

40. Lovbroter

Alle barn som har brote lova, har rett til å bli handsama med respekt og rettferd.

41. Når andre lover er betre

Dersom andre nasjonale eller internasjonale lover er betre for barn, skal dei følgast i staden for FNs barnekonvensjon.

42. Kunnskap

Alle barn har rett til å kjenne til FNs barnekonvensjon og rettane sine. Staten skal gjere barn sine rettar kjende for alle barn og vaksne.

TIPS TIL ANDRE RESSURSAR

Stortinget: www.stortinget.no

Sametinget: www.sametinget.no

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner: www.lnu.no

PRESS – Redd Barna ungdom: www.press.no

Ungdommens ytringsfrihetsråd: <https://frittord.no/nb/aktuelt/ja-til-flere-unge-stemmer-i-den-offentlige-debatten-fastslar-rapporten-til-ungdommens-ytringsfrihetsrad>

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme: www.dembra.no/

Wergelandsenteret, demokratiopplæring på Utøya: <https://nor.theewc.org/2020/04/27/ressurser-fra-demokratilaering-pa-utoya/>

FN-sambandet: www.fn.no



Redd Barna

Redd Barna jobbar for ei verd der alle barn overlever, lærer, er trygge og får oppfylt rettane sine. Vi arbeider for og med barn i meir enn 120 land, og det gjer Redd Barna til verdas største barnerettsorganisasjon.

www.reddbarna.no/skole

Sjå Redd Barna sine skulesider for meir gratis undervisningsmateriell om:

- FN sin barnekonvensjon og FN sine berekraftsmål
- Nettvett og digital dømekraft
- Ingen utanfor – om trygge klassemiljø og elevmedverknad
- Kunnskap om og arbeid mot seksuelle overgrep og vald

For Barnas Val vil Redd Barna særleg tilrå at klassane jobbar vidare med *Elevrådshandboka* og *Det magiske klasserommet – ikkje-diskriminering*.